



## Avtale om smittevern

Arbeidstilsynet skal no i alle planlagde tilsyn kontrollera at føretak som leiger inn arbeidskraft (oppdragsgjevar) og føretak som leiger ut arbeidskraft (NLT Sunnfjord SA), har gode smittevernrutinar og følgjer smittevernreglane i dei ulike forskriftene.

Arbeidstilsynet anbefaler at det vert utarbeida ein skriftleg avtale mellom partane om smittevern. Ansvarsfordelinga skal kome fram i internkontrollen til både oppdragsgjevar og landbrukstenestene. Arbeidstilsynet kan kontrollera at både vi som arbeidsgjevar og du som oppdragsgjevar har rutinar og tiltak som er gode nok for å stette krava om smittevern.

### Smittevern:

Det skal alltid vera rutinar og tiltaksplan som vernar både innleigd arbeidskraft og evt. egne tilsette. I tida framover vil Arbeidstilsynet ha ekstra fokus på følgjande punkt:

- kartlegge og risikovurdere faren for spreiding av koronavirus
  - ha ein plan for tiltak for å fjerne eller redusera risiko for spreiding av viruset
  - Ha gode daglege rutinar for reinhald for å minimera smitterisikoen, og alltid ha tilgjengeleg smittevernutstyr for dei tilsette
  - Arbeidstakarane skal til ei kvar tid få opplæring i smitteverntiltaka på eit språk dei forstår.
- Det same gjeld oppslag med smittevernrutinar

Utfyllande informasjon om kva Arbeidstilsynet legg vekt på finn du [her](#).

### Innkvartering:

I tida framover vil Arbeidstilsynet ha ekstra fokus på følgjande punkt:

- Tilsette i karantene skal ha einerom med tv og internett, eige bad og eige kjøkken/matsservering
- Rutinar og/eller tiltak for å ivareta grunnleggjande smittevern (handvask, halde avstand osv.)
- Rutinar og tiltak for ekstra nøye reinhald
- Bruk av vaskemaskin med temperatur på minimum 60 grader
- Rutinar og tiltak for tilsette som får symptom/påvist smitte
- Rutinar som sikrar at innleigd arbeidskraft har gjennomført innreisekarantene (der dette er aktuelt)

Regelverk for innkvartering: [Arbeidsmiljølova § 4-4](#) [Arbeidsplassforskrifta kap. 3](#)  
[Arbeidsmiljølova §14-15\(2\) bokstav c](#)

### Kostnad med karanteneopphald:

Kostnadar med karanteneopphald vert belasta oppdragsgjevar.

Generelle smittevernrutinar, men også smittevernreglane i Covid-19-forskrifta, forventar vi at du som oppdragsgjevar har på plass til ei kvar tid. Dersom det ikkje er på plass, er det viktig at vi får tilbakemelding om dette snarast råd.

**Bekreftar med dette at vi har gode smittevernrutinar, og at vi til ei kvar tid følgjer gjeldande reglar og forskrifter.**

*Kari Stokkebakk*

-----  
NLT Sunnfjord SA

-----  
Oppdragsgjevar